



Julie G. Myklebust var i jobb på SPAR (Foto: Thor Inge Døssland)

Måndag hadde alle som går i åttande klasse ved Rosendal ungdomsskule ein litt uvanleg skuledag. Dei hadde nemleg fri frå den vanlege teorien for å ha ein arbeidsdag til inntekt for trivselstiltak på skulen.

- Rosendal ungdomsskule har ein del velferds- og trivselstiltak som t.d. fjellturar, ekskursjonar, elevkveldar, forbetring av skulen sitt utemiljø m.m. i tillegg til adopsjonsavtale med SOS-barnebyar. Til dette trengst midlar. Det tør vere kjent at vi ikkje har mykje å rutte med. – skriv rektor ved skulen, Stein E. Schille, innleiingsvis i eit brev som er sendt ut i samband med arbeidsdagen. Han antyder og at kr. 100 kan vera ei høveleg godtgjerdslø for arbeidet.

Vi kjenner til at elevane har teke på seg ulike oppdrag. Mange har arbeid for ulike firma, medan andre har gjeve ei hjelpande hand til foreldre, slekt eller andre privatpersonar. Vi treffe på Julie G. Myklebust og Kristine Ludvigsen i fullt arbeid på SPAR-butikken i Uskedalen. Begge var travelt opptatt med å setja fram varer i hyllene då vi var innom. Humøret var på topp. – Dette har vore kjekt, og vi har hatt godt med arbeidsoppgåver. Vi har hatt noko å gjera i heile dag, kunne dei to fornøgde jentene fortelja. Det var tydeleg at dei gjorde god nytte for seg.

Pengane som kjem inn på arbeidsdagen kjem nok godt med. I dei seinare åra har det kome forbod både mot foreldrebetaling og foreldre- og lærarskyss. Dermed vert det stadig meir vanskeleg for skulane å gje elevane eit tilbod utanfor klasserommet.

Av Thor Inge Døssland



....og det var også Kristine Ludvigsen (Foto: Thor Inge Døssland)